

og Fiskarlagets Servicekontor AS, avd. Vest

Bergen, 07.05.18

Vår ref. 373/18/BSI/5.7.1.3

Dykkar ref.

Radøy kommune

E-mail

RADØY, MANGERVÅG – KLOAKKANLEGG.

Viser til brev av 22.03.18, med vedlegg, vedkomande ovannemnde sak. Beklager noko seint svar.

Fiskarlaget Vest har sendt saka til Nordhordland Fiskarlag.

Generelle merknader

Fiskarane opplever ein stadig større konkurranse om areala, særlig i kystsona. Ein vil peike på at fiskarane i utgangspunktet er positivt innstilt til anna næring og aktivitet, men fiskeri og andre næringar har eit heilt ulikt forhold til bruk av sjøareal. Andre næringar har behov for nye/større sjøområde, medan fiskerinæringa er avhengig av å ta vare på viktige eksisterande fiske-, gyte- og oppvekstområde.

Eksempel på konfliktområde er; oppdrett (areal inkl. anker og utslepp av spillfôr/feces/lusemidlar), vindmøller til sjøs, reguleringsplanar ut i sjø (friluftsområde i sjø, flytebyggjer, ankringsområde, m.m.), ankring/verksemd i sjø, avlaups-/vassleidningar, kablar, fritidsinteresser (båttrafikk, fritidsfiske).

I tillegg vil ein gjere merksam på at fiskarar får klage frå hytteeigarar når ein fiskar i sjøområdet utanfor hyttene om natta, men òg elles.

Mange meiner at eitt lite enkelt prosjekt ikkje kan skade, men mange nok slike så tar ein bit for bit frå fiskeriinteressene.

«Sjøvern» er like viktig for fiskerinæringa, som «jordvern» for jordbruk.

Ein vil gjere merksam på at kommunen har spesielt ansvar for å ivareta lokale og svake regionale fiskeriinteresser i plan-/reguleringsprosessar.

Fiskeridirektoratet ivaretar sterke regionale og nasjonale fiskeriinteresser.

Ein må òg ha med seg at framtidige generasjonar òg må kunne få tilgang til kystsona.

Mangervåg

Det blir her søkt om kloakkanlegg på Mangersvåg kai med bakgrunn i Kommunedelplan for avløp for Radøy, og vedtak i kommunestyret i sak 50/2016.

«Nytt reinseanlegg skal erstatte 3 etablerte kommunale slamavskiljarar, og vil gje høve til å rydde opp i private utslepp i området.»

Fiskarlaget Vest ser positivt på at ein oppgraderer, og samlar utslepp til sjø.

Ein forutset at det blir nytta BAT, og at forureining frå området blir avgrensa mest mogeleg.

I høve utsleppsleidning viser ein til punkt 5.2.2 i høve godkjenning. Ein føreset at leidninga blir lagt utan om fiskeområda, utan heng og at det blir nytta lodd som ikkje fiskereiskap heftar i.

Fiskarlaget Vest viser til kart frå Fiskeridirektoratet si nettside som viser at det ikkje er registrert fiskeriinteresser i reguleringsområdet, men det blir òg fiska i område som ikkje er registrert der. Utanfor vågen er det registrert område for passiv reiskap.


Ein vil til slutt gjere merksam på at fiskerinæringa er basert på fornybar biologisk produksjon, og er derfor grunnleggjande avhengig av eit reint og produktivt kyst- og havmiljø mest mogeleg fritt for miljøgifter, framandstoff og legemiddel. Ein har eit stort felles ansvar, både nasjonalt og internasjonalt, for å oppretthalde eit reint og produktivt hav.

Det er avgjerande for kvalitet, omdøme og marknadsverdi for norsk sjømat.

Med helsing
Fiskarlaget Vest


Britt Sæle Instebo

Kopi; Nordhordland Fiskarlag
Fylkesmannen i Hordaland
Fiskeridirektoratet region Vest



TEIKNFORKLARING

SOSI ver 4.3

- AREALFORMÅL** (PL 12 § 1)
BYGNINGSAR OG ANLEGG (PL 12 § 1)
- Industri (1340)
 - Avløpsanlegg (1342)
 - Bustad/ Fjerning/ Kontor (1302)

- BAKFERDEANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR**
 (PL 12 § 2)
- Kjørteveg (2011)
 - Hamn (2049)
 - Kai (2041)

- ORIENTERING** (PL 10 § 3)
- Grøntstruktur (2001)

- JURIDISKE TEKSTAR, FLATE-, LINE- OG PUNKTSYMBOL**
 (JF REGULERINGSPORTEGJENK)
- Plan grense
 - Formåls grense (plformålGrense)
 - Bygges grense (1211)
 - Bebyggelse forutsatt fjernet (1213)

k.m.d. Regulert kotahøgde (regkth) %BYA=@% Prosent bebyggelse etter TEK 2010

- BASISKART**
- Elvedomsgrense
 - Eksisterende bygninger



Geodetisk grunnlag: UTM32_Euref89
 Geodetisk hødegrunnlag: NN2000
 Siste utgåedato basiskart: 18.10.17
 Kilde for basiskart: Radøy kommune
 Ekvivalens: 1:6
 Kartstørrelse: 1:200 ved utformet A3
 0 25 50m

- REGULERINGSFORM** (PL 15 § 14)
- Offentlig arealformål
 - Føles arealformål

Reguleringsplan, detaljregulering for:
 RADBY KOMMUNE - Mangervåg kloakkrensingsanlegg
 Plan-ID 1260 - 2017000600

Saksbehandlingsplan i følge plan- og bygningsetev

Saksbehandling	Dato	Planlagt dato	Føresøgt dato
Planoppsett kunnigert	18.08.17	20.12.17	20.12.17
1. gangs behandling	22.02.18		
Offentlig utstilling, 16. til 18.			
2. gangs behandling			
Vedtak i kommunestyret			
Kunngjøring av godkjent plan			

	Fertigstiller: Radøy kommune	Utarbeidet av: 	Saksnummer: 2018 Sjeflyngvordens planark: 10.018
	Det vert stadfesta at planark er i samsvar med kommunestyrets vedtak.		

Svemyra



FISKERIDIREKTORATET

N60.64077, Ø5.036

Mangerspollen 150m



- Skjellforekomst
- Skjellforekomst
- Låsesttingsplasser
- Låsesttingsplasser
- Roketfelt - Aktive redskap
- Fiskeplass - aktive redskap
- Fiskeplasser - Passive redskap
- Fiskeplasser - passive redskap
- Fiskeplasser - Aktive redskap
- Fiskeplass - aktive redskap
- Oppvekst - beiteområde
- Oppvekst - beiteområde
- Gyteområder
- Gyteområde
- Gydefelt torsk MB
- Gydefelt torsk MB
- Ålegrasenger
- A - områder
- B - områder
- C - områder
- Taleskogforekomster
- A - områder
- B - områder
- C - områder

+ N60.62673, Ø5.02228

Fiskeridirektoratet og ND-parter